

Fra: Peder Sjo Slettebø[peder.sjo.slettebo@kvinnherad.kommune.no]  
Sendt: 06.11.2018 13:53:39  
Til: Bente Høyland[bente.hoyland@kvinnherad.kommune.no]  
Kopi: Post[post@kvinnherad.kommune.no];  
Tittel: Til formannskapet: Inhabilitet ordfører/rådmann - Fjelberg Kraftlag

---

Til formannskapet.

Formannskapet skal handsama sak om intensjonsavtale Fjelberg Kraftlag/Haugaland Kraft i kommande formannskapsmøte.

Ordfører er medlem i Fjelberg Kraftlag. Det same er rådmann.

Då det som følge av eit eventuelt sal av Fjelberg Kraftlag til Haugaland Kraft kan tilfalla medlemmene verdiar, har ordfører og rådmann bede om ei habilitetsvurdering. Etter drøfting med fylkesmannen finn vi at både ordfører og rådmann vil erklæra seg inhabile i saka grunna økonomiske eigeninteresser i denne.

For ordfører sin del betyr det at eg ikkje deltek i sakshandsaminga i sjølve møtet, men heller ikkje i nokon diskusjonar om saka i forkant av handsaminga. Det betyr i praksis også at eg ikkje deltek i diskusjonen på gruppemøter.

For rådmann sin del betyr det at han ikkje kan utgreia saka, og når rådmannen er inhabil er også administrasjonen hans det. Det betyr at det i dette tilfellet må peikast ut ein setterrådmann frå ein av nabokommunane våre, som vil utgreia og leggja fram saka.

Då det er kort tidsfrist i saka ber eg om at formannskapet formelt utpeikar setterrådmannen i sjølve møtet, og deretter handsamar saka.

Eg gjer også merksam på at alle folkevalde i Kvinnherad kommune som er medlem i Fjelberg Kraftlag truleg er inhabile i saka. Det betyr at ein bør melda frå til møtesekretær dersom saka skal handsamast i eit møte ein skal delta på. Folkevalde som er inhabile i ei sak bør ikkje delta i den politiske prosessen i forkant av handsaminga.

Med helsing

**Peder Sjo Slettebø** | Ordfører

Mobil: +47 907 40 595

[www.kvinnherad.kommune.no](http://www.kvinnherad.kommune.no) |



*Tenk miljø før du skriv ut!*